



Kranskipet UGLEN har i denne veka hatt sin fastre kaiplass på Børnes.

Kranskipet UGLEN er tilbake i Uskedalen med fast kaiplass på Børnes. Uglandskipet kom før helga til Børneskaiaen og har i denne veka utført oppdrag for Palfinger på Seimsfoss. UGLEN er eit kranskip med løfteutstyr for inntil 800 tonn og vert mykje brukt ved brubygging, hamnearbeid og ved større løft for skipsindustrien.

Rederiet Ugland i Grimstad er eigar av skipet. Det er eit tradisjonsrikt rederi, grunnlagd i 1930 som eit tankrederi, Seinare er rederiet kjend for malmskipa sine og kranskipet UGLEN.

Ved ankomst til Uskedalen var kranutstyret lagt ned. Helga vart brukt til klargjering og måndag morgon var skipet klart for oppdraget på Seimsfoss. Kvar dag i denne veka ser vi UGLEN i Storsund. Skipet, bygd i 1978, har ei lengde på 80 meter og tonnasje på 2600 DWT. UGLEN fører norsk flagg.

Det har elles vore stor aktivitet med kranskip i Uskedalen denne veka. EIDE LIFT 6 var på plass på Eidsvik for sjøsetjing og snuing av skipsskrog for Fitjar Mekaniske Verkstad. Tysdag låg begge kranskipa på Børnes. EIDE LIFT 6 vart forhaldt til på utsida av EIDE TRANSPORTER

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Tysdag var det to kranskip på plass i Uskedalen. EIDE LIFT 6 hadde oppdraget med sjøsetjing og snuing av skipsskrog for Fitjar Mek.